

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for næring
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	16.09.2020
Tid:	09:00 - 14:15

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer	Merknader
Anne Gine Hestetun	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Torbjørn Vereide	Medlem	A	
Mark Taylor	Medlem	MDG	
Noralv Distad	Medlem	H	
Helge Stormoen	Medlem	Frp	
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H	
Morten Klementsens	Medlem	FNB	
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp	
Sigrid Brattabø Handegard	Nestleiar	Sp	
Karl Vågstøl	Medlem	H	
Marianne Sæhle	Medlem	SV	
Terje Søviknes	Medlem	Frp	
Tor André Ljosland	Leiar	KrF	
Tom Hiis Bergh	Medlem	V	

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bård Sandal	fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Kathrin Jakobsen	seksjonsleiar for forskning, kompetanse og internasjonalisering
Endre Høgalmen	seksjonsleiar for naturressursar, landbruk og reiseliv
Sølve Dag Sondbø	seksjonsleiar for grøn vekst, klima og energi
Katarzyna Holmegård	rådgjevar/møtesekretær politisk sekretariat
Henrik Løseth Jansen	spesialrådgjevar / grøn vekst, klima og energi
Harald Norvald Offerdal	seniorrådgjevar /verdiskaping i byregionar
Kristin Arnestad	seniorrådgjevar /verdiskaping i byregionar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 14/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 15/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 04.06.2020	2020/41027	
GK 16/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 16.07.2020	2020/41027	
	Referatsaker		
RS 27/20	Landbruk som ei utvida oppgåve for fylkeskommunen- status i arbeidet	2020/61179	
RS 28/20	Omstillingsutfordringar som følgje av akutte endringar i arbeidsmarknaden - supplerande innspel til omstillingsprogram	2020/62808	
RS 29/20	Supplerande tilskot frå kunnskapsdepartementet til Regionalt Forskingsfond Vestland	2020/62783	
RS 30/20	Norges deltaking i Interreg 2021-2027 - Programførebuingar og forvaltningsorganisering	2020/62788	
RS 31/20	Stor investeringsvilje i landbruket i Vestland - behov for meir IBU-midlar	2020/62754	
RS 32/20	Løypemelding - Tildeling av midlar til bedriftsintern opplæring - BIO-midlar - i Vestland fylke 2020	2020/62606	
RS 33/20	Vellukka satsing på å få EU-midlar frå Erasmus+ til kompetanseutvikling i Vestland	2020/62755	
RS 34/20	Strategisk arbeid med breiband og digital infrastruktur - status	2020/60043	
RS 35/20	Sjøfartsdirketoratet si vurdering av konsekvensane ved å innføre nullutsleppskrav i verdsarvfjordane innan 2026	2020/35723	
RS 36/20	Kunnskapsgrunnlag i samband med COVID-19	2020/54817	
RS 37/20	Næringsretta partnerskapsmidlar - melding i samband med budsjettarbeidet	2020/39918	
RS 38/20	Oversikt over framtidig planlagde politiske saker	2020/43973	
	Skriftlege spørsmål		
SI 6/20	Spørsmål frå Taylor - MDG - Internasjonale samarbeid	2020/39466	
	Politiske saker		
PS 47/20	Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024	2020/51083	
PS 48/20	Tertialrapport pr. august 2020 - rekneskapsprognose	2020/60664	
PS 49/20	HU NÆRNA Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20	2020/60738	
PS 50/20	Administrativt innsparingsprogram	2020/62142	
PS 51/20	Tilskot til Breiband 2020 - prioriterte utbyggingsområde i Vestland	2020/60043	
PS 52/20	Tildeling av tilskot til etablering av hurtigladestasjonar i Vestland fylke	2020/41266	
PS 53/20	Høyringsuttale - forskrift lov om integrering	2020/58910	
PS 54/20	Fråsegn til søknad om utsett frist for idriftsetting og forlenging av konsesjon for Guleslettene vindkraftverk i Kinn og Bremanger Kommunar	2020/59995	
PS 55/20	Scenarioanalyse for konsekvensane av korona-pandemien - finansiering	2020/62774	
PS 56/20	Høyringsinnspel til planprogram - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling	2020/41328	
PS 57/20	Kunnskapsgrunnlag i samband med COVID-19		

Godkjenningssaker

GK 14/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.

GK 15/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 04.06.2020

Møteprotokoll vart godkjent utan merknadar.

GK 16/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 16.07.2020

Møteprotokoll vart godkjent utan merknadar.

Referatsaker

RS 27/20 Landbruk som ei utvida oppgåve for fylkeskommunen- status i arbeidet

RS 27/20 vart referert.

RS 28/20 Omstillingsutfordringar som følgje av akutte endringar i arbeidsmarknaden - supplerande innspel til omstillingsprogram

RS 28/20 vart referert.

RS 29/20 Supplerande tilskot frå kunnskapsdepartementet til Regionalt Forskingsfond Vestland

RS 29/20 vart referert.

RS 30/20 Norges deltaking i Interreg 2021-2027 - Programførebuingar og forvaltningsorganisering

RS 30/20 vart referert.

RS 31/20 Stor investeringsvilje i landbruket i Vestland - behov for meir IBU-midlar

RS 31/20 vart referert.

RS 32/20 Løypemelding - Tildeling av midlar til bedriftsintern opplæring - BIO-midlar - i Vestland fylke 2020

RS 32/20 vart referert.

RS 33/20 Vellukka satsing på å få EU-midlar frå Erasmus+ til kompetanseutvikling i Vestland

RS 33/20 vart referert.

RS 34/20 Strategisk arbeid med breiband og digital infrastruktur - status

RS 34/20 vart referert.

RS 35/20 Sjøfartsdirktoratet si vurdering av konsekvensane ved å innføre nullutsleppskrav i verdsarvfjordane innan 2026

RS 35/20 vart referert.

RS 36/20 Kunnskapsgrunnlag i samband med COVID-19

RS 36/20 Kunnskapsgrunnlag i samband med COVID-19 vart handsama som PS 57/20
Kunnskapsgrunnlag i samband med COVID-19.

RS 37/20 Næringsretta partnarskapsmidlar - melding i samband med budsjettarbeidet

RS 37/20 vart referert.

RS 38/20 Oversikt over framtidig planlagde politiske saker

RS 38/20 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 6/20 Spørsmål frå Taylor - MDG - Internasjonale samarbeid

Mark Taylor (MDG) stilte skriftleg spørsmål til sak PS 47/20

«High Tech Farming

I vedlegg 1, er deltaking i High Tech Farming til vurdering.

Kan administrasjonen utdjupe fordelane og ulempene for Vestland fylkeskommune å fortsetje dette internasjonale samarbeidet?

Er det anna internasjonalt samarbeid innan landbruk/skogbruk som Vestland fylkeskommune bør heller delta i som erstatning, t.d. innan økologisk landbruk, regenerativt landbruk eller bioenergi frå skogbruk?

Circular Plastics Alliance

https://europa.eu/regions-and-cities/programme/sessions/355_en?fbclid=IwAR0eukYyKn2_DNxPnPPs51PBSyZNGI7crOI3kQ-ALI0mgeScSqPvtPToJ9A

Er Circular Plastics Alliance eit internasjonalt samarbeid som norske fylke som Vestland kan og bør vere med i?

Alliansen hjelper bedrifter å setje fokus på sirkulær økonomi. Kva vert konsekvensane for Vestland om å vere med i denne alliansen og fordelane? »

Møteleiar gav slikt svar:

«I den politiske saka PS 47/2020 [Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024](#) legger fylkesrådmannen opp til at avdelingane skal gå gjennom listene i etterkant, gjere eventuelle prioriteringar og så legge fram sak for sine respektive hovedutval.

Administrasjonen merker seg synspunkta til representanten Taylor og kjem tilbake med sak om kva samarbeida går ut på, fordelar og konsekvensar og kjem tilbake med ei tilråding om eventuell deltaking frå VLFK. Dette gjeld mellom anna High Tech Farming og Circular Plastics Alliance. »

Politiske saker

PS 47/20 Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek *Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024*.
2. Vestland fylkeskommune sitt internasjonale engasjement skal vere integrert i regionale planar, temaplanar og strategiar.
3. Fylkesrådmannen får i oppdrag å utarbeide ei politisk sak om bruk av samarbeidsregionar.
4. Alle sektorar skal prioritere sine internasjonale aktivitetar i samsvar med strategi for internasjonalt samarbeid.

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 16.09.2020

Mark Taylor (MDG) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, V, KrF fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt tilleggspunkt til avsnitt 2.1.1. under «I kost/nytte vurderinga skal ein legge vekt på om samarbeidsaktivitetane bidreg til å:»

- Stoppe klimaendringane og tap av naturmangfaldet. »

Karl Vågstøl (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

EØS-avtalen er hovudfundamentet i Norge sitt internasjonale samarbeid. EØS-avtalen er derfor avgjerande for gjennomføring av strategien for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024. Vestland fylkeskommune skal aktivt nytte ut dei mulegheitane EØS-avtalen opnar for. »

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Taylor sitt forslag fekk 12 røyster mot 3 røyster (Frp, FNB) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Vågstøl sitt forslag fekk 13 røyster og mot 2 røyster (FNB, 1Sp) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek *Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024* med slik endring:

Nytt tilleggspunkt til avsnitt 2.1.1. under «I kost/nytte vurderinga skal ein legge vekt på om samarbeidsaktivitetane bidreg til å:»

- Stoppe klimaendringane og tap av naturmangfaldet

2. Vestland fylkeskommune sitt internasjonale engasjement skal vere integrert i regionale planar, temaplanar og strategiar.
3. Fylkesrådmannen får i oppdrag å utarbeide ei politisk sak om bruk av samarbeidsregionar.
4. Alle sektorar skal prioritere sine internasjonale aktivitetar i samsvar med strategi for internasjonalt samarbeid.
5. EØS-avtalen er hovudfundamentet i Norge sitt internasjonale samarbeid. EØS-avtalen er derfor avgjerande for gjennomføring av strategien for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024. Vestland fylkeskommune skal aktivt nytte ut dei mulegheitane EØS-avtalen opnar for.

PS 48/20 Tertialrapport pr. august 2020 - rekneskapsprognose

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering
2. Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet

kr 1 000

Byvekstavtalen til fylkesvegane eks. bybanen	31 361
Bømlopakken	50 000
Tunellrehabilitering	-11 900
Austevollbrua	300
Ferjekaiar Jondal/Tørvikbygd	48 000
Snøggbåtkai Ranavik	3 000
Storeskaret - Arefjordpollen	1 375
Tibbene / Trengereid i Øygarden	661
Planlegging	2 400
Sum vegar	125 197
Førde vgs	15 000
Askøy vgs	-45 000
Mo og Øyrane vgs - verkstadbygg	-10 000
Fylkeshus	-25 000
Sogndal vgs	-6 000
Nytt opplæringsfartøy	-100 000
Tannklinikk Sogndal	-11 000
Sum bygg	-182 000

Sum investeringar	-56 803
Finansiering:	
Bompengar	42 716
Mva komp.	-17 400
Lån	-82 119
Sum finansiering	-56 803

3. Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet

Budsjettdring		kr 1 000	
Løyvingsnivå	Tekst	Meirutg./ Mindreinnt.	Meirinnt./ mindreutg.
1	Rammetilskot		347 931
7	Reserve (Lønsavsetjing)	77 517	
22	Forskning, kompetanse, internasj.	1 187	
31	Opplæring i bedrift	21 427	
51	Billettinntekter kollektiv	247 800	
60	Veg - drift og vedlikehald		2 500
63	Andre tiltak - infrastruktur og veg	2 500	
		350 431	350 431

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 16.09.2020

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering
2. Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet

kr 1 000	
Byvekstavtalen til fylkesvegane eks. bybanen	31 361
Bømlopakken	50 000
Tunellrehabilitering	-11 900
Austevollbrua	300

Ferjekaiar Jondal/Tørvikbygd	48 000
Snøggåtkai Ranavik	3 000
Storeskaret - Arefjordpollen	1 375
Tibbene / Trengereid i Øygarden	661
Planlegging	2 400
Sum vegar	125 197
<hr/>	
Førde vgs	15 000
Askøy vgs	-45 000
Mo og Øyrane vgs - verkstadbygg	-10 000
Fylkeshus	-25 000
Sogndal vgs	-6 000
Nytt opplæringsfartøy	-100 000
Tannklinikk Sogndal	-11 000
Sum bygg	-182 000
<hr/>	
Sum investeringar	-56 803
<hr/>	
Finansiering:	
Bompengar	42 716
Mva komp.	-17 400
Lån	-82 119
Sum finansiering	-56 803
<hr/>	

3. Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet

Budsjettendring		kr 1 000	
Løyvingsnivå	Tekst	Meirutg./ Mindreinnt.	Meirinnt./ mindreutg.
1	Rammetilskot		347 931
7	Reserve (Lønsavsetjing)	77 517	
22	Forskning, kompetanse, internasj.	1 187	
31	Opplæring i bedrift	21 427	
51	Billettinntekter kollektiv	247 800	
60	Veg - drift og vedlikehald		2 500
63	Andre tiltak - infrastruktur og veg	2 500	
		350 431	350 431

PS 49/20 HU NÆRNA Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20

Forslag til uttale

1. Hovudutval for næring sluttar seg til presentert samla opplegg for driftsbudsjett 2021.
2. Hovudutval for næring sluttar seg til presentert opplegg for investeringsbudsjett 2021- 2024.
3. Hovudutval for næring sluttar seg til presentert budsjett for sektoren fordelt på løyvingsnivå og med innarbeidde salderingstiltak.

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 16.09.2020

Sigrid Brattabø Handegard (Sp) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, V, KrF fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Hovedutval for næring tek rådmannen sitt framlegg til driftsbudsjett 2021 til orientering
2. Hovedutval for næring tek rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett for 2021-2024 til orientering
3. Hovedutval for næring sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til budsjett for sektoren fordelt på løyvingsnivå og innarbeidde salderingstiltak med desse endringane:
 - Det vert vurdert å oppretta næring/utviklingsfond i utsette kommunar og regionar. Fordeling og innretning vert vurdert i eiga sak. Regionråda si rolle i utvikling og partnerskapsarbeidet inngår i saka.
 - Innsparingsframlegg med 1 mill til Fjord Norge vert reversert. Finansiert over tilsvarande reduksjon post 25 Utviklingsmidlar(deltaking i messer)
 - Det vert vurdert auka utbyggingsstøtte til breiband i prioriterte utbyggingsområde
 - hovudutval for næring ynskjer å få utgreidd styrking av spisskompetanse innan fiskeri og forvaltning og korleis dette kan innarbeidast i budsjett og økonomiplanen»

Terje Søviknes (FrP) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Hovudutval for næring tar Arbeidsdokument 4/20 knytt til Budsjett 2021/Økonomiplan 2021-24 til vitande. »

Avrøysting

Søviknes sitt forslag fekk 5 røyster (Frp, H) og fall.

Handegard sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (Frp, H).

Fylkesdirektøren sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Vedtak

1. Hovudutval for næring sluttar seg til presentert samla opplegg for driftsbudsjett 2021.
2. Hovudutval for næring sluttar seg til presentert opplegg for investeringsbudsjett 2021- 2024.
3. Hovudutval for næring sluttar seg til presentert budsjett for sektoren fordelt på løyvningsnivå og med innarbeidde salderingstiltak.
 - Det vert vurdert å oppretta næring/utviklingsfond i utsette kommunar og regionar. Fordeling og innretning vert vurdert i eiga sak. Regionråda si rolle i utvikling og partnerskapsarbeidet inngår i saka.
 - Innsparingsframlegg med 1 mill til Fjord Norge vert reversert. Finansiert over tilsvarande reduksjon post 25 Utviklingsmidlar(deltaking i messer)
 - Det vert vurdert auka utbyggingsstøtte til breiband i prioriterte utbyggingsområde
 - hovudutval for næring ynskjer å få utgreidd styrking av spisskompetanse innan fiskeri og forvaltning og korleis dette kan innarbeidast i budsjett og økonomiplanen

PS 50/20 Administrativt innsparingsprogram

Forslag til innstilling

1. Finansutvalet legg til grunn ei innsparing i administrative kostnader på 26,6 mill. kr i driftsbudsjettet for 2021. Summen kjem i tillegg til andre administrative innsparingar som er foreslått i arbeidsdokument 3/20.

Saksprotokoll 09.09.2020 - administrasjonsutvalet

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til finansutvalet

1. Finansutvalet legg til grunn ei innsparing i administrative kostnader på 26,6 mill. kr i driftsbudsjettet for 2021. Summen kjem i tillegg til andre administrative innsparingar som er foreslått i arbeidsdokument 3/20.

Saksprotokoll 16.09.2020 - Hovudutval for næring

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til finansutvalet

Innstilling til finansutvalet

1. Finansutvalet legg til grunn ei innsparing i administrative kostnader på 26,6 mill. kr i driftsbudsjettet for 2021. Summen kjem i tillegg til andre administrative innsparingar som er foreslått i arbeidsdokument 3/20.

PS 51/20 Tilskot til Breiband 2020 - prioriterte utbyggingsområde i Vestland

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune set av midlar til utbygging av breiband i følgjande områda:

Kommune	Område	Tilskot
---------	--------	---------

Fjaler	Hellevik, Straumsnes, Våge-Korssund-Lammetun, Jarstad-Berge, Gota-Stav	1 760 000 kr
Stad	Kjølsdalen	2 075 000 kr
Øygarden	11 mindre område	4 275 000 kr
Ulvik	Ulvikpollen og gardane rundt	4 000 000 kr
Sunnfjord	Fjorden utbyggingsområde	1 200 000 kr
Ullensvang	Opedal/Legene, Buer/Odda	700 000 kr
Sveio	Åsbø-Kinn, Apeland/Dunjo, Nordskog, Grimstvedt, Færås, Rossehaug, Håvardsholm/Björga/Buvika, Vigdarheim, Flatnesveien	7 950 000 kr
Høyanger	B3 Vamråka, Søreide, Østerbø, Sørebo, Bjordal, Førde, Osland, Leirnes	3 885 000 kr
Samanger	Hisdal - Trengereidfjord	600 000 kr
Høyanger	A1 Ortnevik	734 000 kr
Stad	Restområder i Stad	1 800 000 kr
Osterøy	Greve-Skår, Kvisti-Stoknes, Hannisdal, Brakavatn	1 180 000 kr
Årdal	Fardalen	400 000 kr
Høyanger	B5 Fridtun - Ikjefjordbruka - Ikjefjord	1 710 000 kr
Høyanger	E2 Rå - Aven - Torvund	1 350 000 kr
Høyanger	E3 Mjellelia - Norevik - Avsneset	1 620 000 kr
Høyanger	H1 Ljotebøen - Klævild - Frivika	635 593 kr
SUM		35 874 593 kr

Summane er maksimaltilskot og kan bli justert når endeleg kontrakt for utbygginga ligg føre.

2. Tilskota vert dekkja med midlar tildelt fylkeskommunen over statsbudsjettet kap. 541, post 60 til breibandutbygging, midlar sett av til breiband på innovasjon og næring sitt budsjett for 2020, samt renter og restmidlar frå tidlegare år.

3. Tilskota blir gitt under føresetnad av at opplysningane i søknadane stemmer, og at prosjekta kan gjennomførast i tråd med dei nasjonale retningslinene.

4. Dersom det kjem ekstra midlar til breibandutbygging i Vestland før utlysing av konkurransen får administrasjonen fullmakt til å tildele midlar i tråd med følgjande prioriterte liste:

Kommune	Område	Sum
Høyanger	H1 Ljotebøen - Klævild - Frivika (rest)	239 407 kr
Samnanger	Gjerdsvegen og Steinslandsvegen	250 000 kr
Aurland	Thy-Volda-Skjerdal	700 000 kr
Bjørnafjorden	Bogstrand og Lønningdal	2 100 000 kr

Samnanger	Kleppe - Kvernes - Skar - Litangen - Li	900 000 kr
Høyanger	D1 Bekken - Hellebøstranda - Værholm - Øvre Værholm	455 000 kr
Høyanger	E1 Ringereide - Alværa - Bosdalen	835 000 kr
Høyanger	H3 Nordeide - Berge	630 000 kr
Høyanger	J3 Bessastrand-Nesfjóra-Sagadalen	505 000 kr
Vaksdal	Fosse	666 667 kr
Vaksdal	Skreia	2 666 667 kr
Vaksdal	Bergo	266 667 kr
Vaksdal	Fjellanger	400 000 kr
SUM		10 614 408 kr

Dersom det ikkje er mogleg å støtte prosjekta i denne konkurranserunden, så må dei søkje på nytt i neste tildelingsrunde.

5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere 1 000 000 kr. til utarbeiding av kunnskapsgrunnlag, nettverksarbeid, samlingar med meir.

Saksprotokoll 16.09.2020 - Hovudutval for næring

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune set av midlar til utbygging av breiband i følgjande områda:

Kommune	Område	Tilskot
Fjaler	Hellevik, Straumsnes, Våge-Korssund-Lammetun, Jarstad-Berge, Gota-Stav	1 760 000 kr
Stad	Kjølsdalen	2 075 000 kr
Øygarden	11 mindre område	4 275 000 kr
Ulvik	Ulvikpollen og gardane rundt	4 000 000 kr
Sunnfjord	Fjorden utbyggingsområde	1 200 000 kr
Ullensvang	Opedal/Legene, Buer/Odda	700 000 kr
Sveio	Åsbø-Kinn, Apeland/Dunjo, Nordskog, Grimstvedt, Færås, Rossehaug, Håvardsholm/Björga/Buvika, Vigdarheim, Flatnesveien	7 950 000 kr
Høyanger	B3 Vamråka, Søreide, Østerbø, Sørebø, Bjordal, Førde, Osland, Leirnes	3 885 000 kr
Samanger	Hisdal - Trengereidfjord	600 000 kr
Høyanger	A1 Ortnevik	734 000 kr

Stad	Restområder i Stad	1 800 000 kr
Osterøy	Greve-Skår, Kvisti-Stoknes, Hannisdal, Brakavatn	1 180 000 kr
Årdal	Fardalen	400 000 kr
Høyanger	B5 Fridtun - Ikjefjordbruka - Ikjefjord	1 710 000 kr
Høyanger	E2 Rå - Aven - Torvund	1 350 000 kr
Høyanger	E3 Mjellelia - Norevik - Avsneset	1 620 000 kr
Høyanger	H1 Ljotebøen - Klævild - Frivika	635 593 kr
SUM		35 874 593 kr

Summane er maksimaltilskot og kan bli justert når endeleg kontrakt for utbygginga ligg føre.

2. Tilskota vert dekkja med midlar tildelt fylkeskommunen over statsbudsjettet kap. 541, post 60 til breibandutbygging, midlar sett av til breiband på innovasjon og næring sitt budsjett for 2020, samt renter og restmidlar frå tidlegare år.

3. Tilskota blir gitt under føresetnad av at opplysningane i søknadane stemmer, og at prosjekta kan gjennomførast i tråd med dei nasjonale retningslinene.

4. Dersom det kjem ekstra midlar til breibandutbygging i Vestland før utlysing av konkurransen får administrasjonen fullmakt til å tildele midlar i tråd med følgjande prioriterte liste:

Kommune	Område	Sum
Høyanger	H1 Ljotebøen - Klævild - Frivika (rest)	239 407 kr
Samnanger	Gjerdsvegen og Steinslandsvegen	250 000 kr
Aurland	Thy-Volda-Skjerdal	700 000 kr
Bjørnafjorden	Bogstrand og Lønningdal	2 100 000 kr
Samnanger	Kleppe - Kvernes - Skar - Litangen - Li	900 000 kr
Høyanger	D1 Bekken - Hellebøstranda - Værholm - Øvre Værholm	455 000 kr
Høyanger	E1 Ringereide - Alværa - Bosdalen	835 000 kr
Høyanger	H3 Nordeide - Berge	630 000 kr
Høyanger	J3 Bessastrand-Nesfjora-Sagadalen	505 000 kr
Vaksdal	Fosse	666 667 kr
Vaksdal	Skreia	2 666 667 kr
Vaksdal	Bergo	266 667 kr
Vaksdal	Fjellanger	400 000 kr
SUM		10 614 408 kr

Dersom det ikkje er mogleg å støtte prosjekta i denne konkurranserunden, så må dei søkje på nytt i neste tildelingsrunde.

5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere 1 000 000 kr. til utarbeiding av kunnskapsgrunnlag, nettverksarbeid, samlingar med meir.

PS 52/20 Tildeling av tilskot til etablering av hurtigladestasjonar i Vestland fylke

Forslag til vedtak

1. Hovedutval for næring vedtek å løyve samla kr 3 527 000,- i stønad til BKK for å etablere 8 nye hurtigladeplassar i medhald av innsendt søknad med tillegg.

2. Hovedutval for næring vedtek å løyve kr 350 000,- i stønad til Luster kommune for å etablere ny hurtigladeplass i Skjolden.

3. Hovedutval for næring ber om at det vert lyst ut stønadsmidlar til etablering av normalladar for drosje i Vestland utanom Bergen. Ordninga skal utfylle Bergen kommune si ordning og gje løyvehavarar i heile fylket lik moglegheit til å søke stønad. Budsjettramma er kr. 323 000,-.

Saksprotokoll 16.09.2020 - Hovudutval for næring

Anne Gine Hestetun (A) stilte spørsmål om hun var inhabil fordi hun er styremedlem i BKK. Utval for næring vedtok samrøystes at Anne Gine Hestetun var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd litra e) nr. 2.

Anne Gine Hestetun gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovedutval for næring vedtek å løyve samla kr 3 527 000,- i stønad til BKK for å etablere 8 nye hurtigladeplassar i medhald av innsendt søknad med tillegg.

2. Hovedutval for næring vedtek å løyve kr 350 000,- i stønad til Luster kommune for å etablere ny hurtigladeplass i Skjolden.

3. Hovedutval for næring ber om at det vert lyst ut stønadsmidlar til etablering av normalladar for drosje i Vestland utanom Bergen. Ordninga skal utfylle Bergen kommune si ordning og gje løyvehavarar i heile fylket lik moglegheit til å søke stønad. Budsjettramma er kr. 323 000,-.

PS 53/20 Høyringsuttale - forskrift lov om integrering

Forslag til innstilling

1. Oppgåver knytt til tilskotsordningar
Vestland fylkeskommune støttar forslaget om at fylkeskommunen får handlingsrom til sjølv å kunne avgjere korleis oppgåvene som tidlegare har vore ivaretekne gjennom

tilskotsordningar skal løysast. Dette føreset sjølvst at midlane vert liggande i rammetilskotet til fylkeskommunen. På det vilkåret har vi ikkje innvendingar til at det vert forskriftsfesta at fylkeskommunen forpliktar seg til å følgje opp desse oppgåvene

2. **Kompetansekartlegging**
Vestland fylkeskommune meiner departementet sitt forslag i høyringsnotatet pkt 5.3 gir eit godt utgangspunkt for kompetansekartlegging. Karriere Vestland har god erfaring med IMDInett si løysning KOMPASS ved karriererettleiinga slik det har vore brukt på Stord asylmottak. Med dei presiseringar som er gitt ser vi ikkje at det er naudsynt å forskriffefeste fleire kompetansekriterier.
3. **Permisjon ved fødsel og adopsjon**
Vestland fylkeskommune ber departementet vurdere nærare å innføre tredelt permisjonsordning ved fødsel og adopsjon for foreldre som deltek i introduksjonsprogrammet
4. **Norskmål for deltakarar som går i grunnskule**
Vestland fylkeskommune støttar lovforslaget der krav om å oppnå eit minimumskrav i norsk vert erstatta med tidlegare krav om deltaking i eit visst tal timar opplæring i norsk. Norskmålet for introduksjonsdeltakarane som går i grunnskulen bør vere knytt til det felles europeiske rammeverket for språk. Fylkeskommunen støttar også forslaget om dei differensierte minimumskrava som er skisserte der kommunane fastset nivået i samråd med deltakaren
5. **Kompetansekrav for lærarar**
Vestland fylkeskommune støttar forslaget som oppfyller krava for tilsetjing etter forskrift til opplæringslova kapittel 14, uavhengig av trinn. Det oppfyller kravet om relevant fagleg og pedagogisk kompetanse etter integreringslova. Då fleire av lærarane som underviser i norsk etter integreringslova, også underviser i grunnopplæring etter opplæringslova, ser vi det som mest hensiktsmessig med like krav. Den særlege kompetansen som trengs for å undervise i norsk etter integreringslova, vil også bli ivareteken dersom det vert stilt krav om 30 studiepoeng i norsk som andrespråk .Kravet om vidareutdanning bør også sjåast i samanheng med erfaring og ansiennitet innanfor arbeid med minoritetsspråklege.
6. **Registrering av opplysningar om karriererettleiing og fråvær**
Vestland fylkeskommune støttar forslaget om at vi skal registrere opplysningar om karriererettleiing og fråvær for deltakarar som går fulltid i vidaregåande opplæring som sitt introduksjonsprogram. Registreringa bør gjerast i dei systema som til ei kvar tid er gjeldande i vidaregåande opplæring. For framtida er dette eit felles nasjonalt system som heiter «Visma in school»
7. **Opplysningar om ta gjennomførte timar opplæring i norsk**
Vestland fylkeskommune viser til punktet «norskmål for deltakarar som går i grunnskule» over. Ut frå dette ser ein ikkje behov for at det skal registrerast opplysningar om tal gjennomføre timar i norsk.

Saksprotokoll 16.09.2020 - Hovudutval for næring

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. **Oppgåver knytt til tilskotsordningar**
Vestland fylkeskommune støttar forslaget om at fylkeskommunen får handlingsrom til sjølv å kunne avgjere korleis oppgåvene som tidlegare har vore ivaretekne gjennom tilskotsordningar skal løysast. Dette føreset sjølvst at midlane vert liggande i rammetilskotet til fylkeskommunen. På det vilkåret har vi ikkje innvendingar til at det vert forskriftsfesta at fylkeskommunen forpliktar seg til å følgje opp desse oppgåvene
2. **Kompetansekartlegging**

Vestland fylkeskommune meiner departementet sitt forslag i høyringsnotatet pkt 5.3 gir eit godt utgangspunkt for kompetansekartlegging. Karriere Vestland har god erfaring med IMDInett si løysning KOMPASS ved karriererettleiinga slik det har vore brukt på Stord asylmottak. Med dei presiseringar som er gitt ser vi ikkje at det er naudsynt å forskriftfeste fleire kompetansekriterier.

3. Permisjon ved fødsel og adopsjon
Vestland fylkeskommune ber departementet vurdere nærare å innføre tredelt permisjonsordning ved fødsel og adopsjon for foreldre som deltek i introduksjonsprogrammet
4. Norsk mål for deltakarar som går i grunnskule
Vestland fylkeskommune støttar lovforslaget der krav om å oppnå eit minimumskrav i norsk vert erstatta med tidlegare krav om deltaking i eit visst tal timar opplæring i norsk. Norsk målet for introduksjonsdeltakarane som går i grunnskulen bør vere knytt til det felles europeiske rammeverket for språk. Fylkeskommunen støttar også forslaget om dei differensierte minimumskrava som er skisserte der kommunane fastset nivået i samråd med deltakaren
5. Kompetansekraft for lærarar
Vestland fylkeskommune støttar forslaget som oppfyller krava for tilsetjing etter forskrift til opplæringslova kapittel 14, uavhengig av trinn. Det oppfyller kravet om relevant fagleg og pedagogisk kompetanse etter integreringslova. Då fleire av lærarane som underviser i norsk etter integreringslova, også underviser i grunnopplæring etter opplæringslova, ser vi det som mest hensiktsmessig med like krav. Den særlege kompetansen som trengs for å undervise i norsk etter integreringslova, vil også bli ivareteken dersom det vert stilt krav om 30 studiepoeng i norsk som andrespråk. Kravet om vidareutdanning bør også sjåast i samanheng med erfaring og ansiennitet innanfor arbeid med minoritetsspråklege.
6. Registrering av opplysningar om karriererettleiing og fråvær
Vestland fylkeskommune støttar forslaget om at vi skal registrere opplysningar om karriererettleiing og fråvær for deltakarar som går fulltid i vidaregåande opplæring som sitt introduksjonsprogram. Registreringa bør gjerast i dei systema som til ei kvar tid er gjeldande i vidaregåande opplæring. For framtida er dette eit felles nasjonalt system som heiter «Visma in school»
7. Opplysningar om ta gjennomførte timar opplæring i norsk
Vestland fylkeskommune viser til punktet «norsk mål for deltakarar som går i grunnskule» over. Ut frå dette ser ein ikkje behov for at det skal registrerast opplysningar om tal gjennomføre timar i norsk.

PS 54/20 Fråsegn til søknad om utsett frist for idriftsetting og forlenging av konsesjon for Guleslettene vindkraftverk i Kinn og Bremanger Kommunar

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune har ikkje motsegner til at fristen for idriftsetting av Guleslettene vindkraftverk vert utsett frå 31.12.2020 til 31.12.2021.
2. Vestland fylkeskommune rår til at søknad om forlenging av konsesjonen for Guleslettene vindkraftverk ikkje vurderast no sidan konsekvensane av drifta ikkje er tilstrekkeleg kartlagde endå. Eventuell handsaming av ein slik søknad må koma etter at konklusjonen frå etterundersøkingar ligg føre.

Saksprotokoll 16.09.2020 - Hovudutval for næring

Mark Taylor (MDG) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, V, KrF fram slikt forslag:

«Tillegg:

Føy til pkt. 1 i innstillinga "Om fristen for idriftsetjing utsetjast, må det klart føresetjast at den samla driftsperioden for anlegget ikkje skal aukast. »

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Taylor sitt forslag f vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune har ikkje motsegner til at fristen for idriftsetting av Guleslettene vindkraftverk vert utsett frå 31.12.2020 til 31.12.2021. Det føresetjast at den samla driftsperioden for anlegget ikkje skal aukast.
2. Vestland fylkeskommune rår til at søknad om forlenging av konsesjonen for Guleslettene vindkraftverk ikkje vurderast no sidan konsekvensane av drifta ikkje er tilstrekkeleg kartlagde endå. Eventuell handsaming av ein slik søknad må koma etter at konklusjonen frå etterundersøkingar ligg føre.

PS 55/20 Scenarioanalyse for konsekvensane av korona-pandemien - finansiering

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring løyver 1 million kroner til å finansiere scenarioanalysar for konsekvensane for næringslivet av koronapandemien. Midlane til scenarioanalysane vert løyvd frå disposisjonsfond (koronasituasjonen, ekstern støtte)

Saksprotokoll 16.09.2020 - Hovudutval for næring

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for næring løyver 1 million kroner til å finansiere scenarioanalysar for konsekvensane for næringslivet av koronapandemien. Midlane til scenarioanalysane vert løyvd frå disposisjonsfond (koronasituasjonen, ekstern støtte)

PS 56/20 Høyringsinnspel til planprogram - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Forslag til innstilling

1. Planprogram Regional plan for innovasjon og næringsutvikling blir vedteke slik det ligg føre og med endra framdriftsplan.
2. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling får ein planperiode på 10 år.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utarbeide mandat og føringar for arbeidsgruppene.

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 16.09.2020

Mark Taylor (MDG) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, V, KrF fram slikt forslag:

«Tillegg:

Plantema 4.1.1

Føy til ", innafor rammene av målet om ei berekraftig utvikling." til slutten av plantema 4.1.1 slik at det vert:

Denne delen av plantemaet har som føremål å vidareutvikle det vi er gode på; legge eit grunnlag for å ivareta viktige basisnæringar og legge til rette for verksemder med vekstpotensial, innafor rammene av målet om ei berekraftig utvikling.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Taylor sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 3 røyster (Frp, FNB).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Planprogram Regional plan for innovasjon og næringsutvikling blir vedteke slik det ligg føre og med endra framdriftsplan, og med følgjande tillegg (i utheva skrift):

«4.1.1 Denne delen av plantemaet har som føremål å vidareutvikle det vi er gode på; legge eit grunnlag for å ivareta viktige basisnæringar og legge til rette for verksemder med vekstpotensial, **innafor rammene av målet om ei berekraftig utvikling.** »

2. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling får ein planperiode på 10 år.

3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utarbeide mandat og føringar for arbeidsgruppene.

PS 57/20 Kunnskapsgrunnlag i samband med COVID-19

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 16.09.2020

Utval for næring sette sak RS 38/20 Kunnskapsgrunnlag i samband med COVID-19 på sakskartet som politisk sak utan saksførelegg.

Jana Middelfart Hoff (H) sette fram slikt protokolmerknad:

«Merknad:

1. Svarprosenten på befolkningsundersøkelsene i 2018 og 2019 var forholdsvis lav. Dette har konsekvenser for representativiteten og for kvaliteten på data. Dersom

ytterligere undersøkelser skal gjennomføres, må det være et uttalt mål å få opp svarprosenten.

2. Vestland fylke har hovedansvar for regionens tannhelse. Tannhelse og livsstilsykdommer henger tett sammen og burde vært nevnt i kunnskapsgrunnlaget. Det bør være et prioritert mål å målrette tjenesten slik at man bidrar til å bedre befolkningens generelle helse. »

Tor André Ljosland (KrF) sette fram slikt forslag:

«Hovudutval for næring tek saka til orientering. »

Avrøysting

Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutval for næring tek saka til orientering.